

Fylkestingskandidatar



3 Jarle Bø
Randaberg



4 Sandra Christin Skarholm
Vindafjord



5 Sigmund Slettebø
Eigersund



6 Dagny S. Hausken
Rennesøy



7 Berit Søvik Østerhus
Hjelmeland



8 Wenche Lindtner
Karmøy

- | | | |
|-------------------------------------|----------------------------------|-------------------------------------|
| 9. Katrine Sægrov, Sandnes | 17. Tore Hans Mikkelsen, Sandnes | 25. Kjell A. Heskestad, Lund |
| 10. Bente G. M. Slettebø, Bjerkreim | 18. Anders Braut Ueland, Hå | 26. Anders Nordbø, Kvitsøy |
| 11. Henrik Hageland, Stavanger | 19. Tonje Medhaug, Tysvær | 27. Olinn Henrikstad, Bjerkreim |
| 12. Åse Berit Rolland, Tysvær | 20. Geir H. Rasmussen, Utsira | 28. Håvard T. Austvoll, Sandnes |
| 13. Roar Lima Grødeland, Klepp | 21. Odd Bleie, Finnøy | 29. Bente H. B. Norvalls, Haugesund |
| 14. Lillian Nordengen, Sauda | 22. Øyvind L. Tveitane, Suldal | 30. Bjørg J. Jondal, Eigersund |
| 15. Willy Finnbakk, Time | 23. Margunn Nedrebø, Gjesdal | 31. Ingvild Skare, Vindafjord |
| 16. Leiv Aril Lie, Sola | 24. Alf T. Pettersen, Sokndal | 32. Per Inge Egeland, Hjelmeland |

Heile fylka er sjølvsgt representert, og du finn heile lista på senterpartiet.no/rogaland

Sp  *- vær folk*
i heile Rogaland

Sp  *- vær folk*
i heile Norge

STRAND

senterpartiet.no/strand



HEILE ROGALAND

senterpartiet.no/rogaland

S - samlande
E - engasjerte
N - næringsvenlege
T - truverdige
E - endringsvillige
R - rause
PARTIET

Kommunestyrekandidatar



1 Alf Henning
Heggheim,
47 år, Tau



2 Linda Andersen
Asbjørnsen,
45 år, Jørpeland



3 Knud Idsø,
58 år, Tau

Ja til ny svømmehall
på Tau innan 2023

Ja til at viktige
tenestetilbod ikkje blir
flytta ut av kommunen

Ja til nytt kulturhus
på Jørpeland.

Ja til at Strand
skal være attraktiv
som bustads- og
næringskommune.

- | | |
|---|-------------------------------------|
| 4. Frida Apall, Tau | 17. Arild Gjerde, Heggheim |
| 5. Leidulf Sigmundstad, Tau | 18. Jorunn Vistnes Heggland, Meling |
| 6. Bente Merete Fiskaa, Tau | 19. Doris Nessa Hetland, Jørpeland |
| 7. Gjert Barka, Kjøllevik | 20. Arild Idsø, Idse |
| 8. Svein Kjetil Rønnevik, Jørpeland | 21. Trond Idar Idsø, Idse |
| 9. Vidar Gjerde, Tau | 22. Linda Jårvik, Lekvam |
| 10. Nils Kristian Helmikstøl, Idse | 23. Ove Karlsen, Tau |
| 11. Arne Alsvik, Jørpeland | 24. Sigmund Melberg, Tau |
| 12. Ole Eiliv Aslaksen, Jørpeland | 25. Edel Kathrine Moen, Tjøstheim |
| 13. Marius Eie Barka, Tau | 26. Hallgeir Moen, Tjøstheim |
| 14. Magne Jakob Bjørheim, Bjørheimsbygd | 27. Helge Møller, Heia |
| 15. Carl Peder Eiane, Idsal | 28. Tore Nag, Heia |
| 16. Eli Frafjord, Idse | 29. Siri Tau Ursin, Tau |

VÅR POLITIKK

for heile Rogaland

Senterpartiet vil ha gode tenester nær folk, eit samfunn med små sosiale og økonomiske skilnadar. Jorda er ei arv som me forpliktar å forvalta for våre etterkommarar. Me vil ta vår del av ansvaret for å løysa miljø- og klimaproblema, ved å gjera dei fornybare naturressursane til fundamentet i økonomien. Me meiner at vekst ikkje er å forbruka meir, men å forvalta betre.

MED HJARTE FOR

TRYGG NORSK MAT

- Styrka matfylket Rogaland
- Trygg mat frå fjord og jord til bord
- Nullvisjon for nedbygging av matjorda
- Legga til rette for urbant landbruk
- Redusera matsvinnet

TRYGGE VEGAR

- Auka rassikring og få fleire sykkel- og gangveggar
- Avskaffa dagens bompengoordning
- Godt kollektivtilbod i heile fylket
- Reis med buss, båt og tog på éin billett
- Auka bygging og vedlikehald av fylkesveggar

EIN SKULE FOR ALLE

- Ein meir praktisk skule
- Tillit til læraren - mindre testing, og meir tid til elevane
- Vidaregåande skular med eit variert tilbod i heile fylket
- Ein skule med vekt på livsmeistring, god psykisk og fysisk helse
- Ein skule tilpassa elevane - ikkje elevar som må tilpassa seg skulen

NÆRINGS LIV I HEILE ROGALAND

- Attraktive arbeidsplassar i heile fylket
- Gode ordningar for innovasjon og nyskaping
- Nytte deler av kompetansen i olje- og leverandørindustrien til nye næringar, t.d. vindmøller til havs
- Fiske, havbruk, landbruk og skog skal nyttast på ein bærekraftig måte
- Eit trygt arbeidsliv utan sosial dumping

Fullstendig program finn du på senterpartiet.no/rogaland



Arne Bergsvåg, Vindafjord
Fylkesordførerkandidat

Hanne Marte Vatnaland, Gjesdal
2. kandidat

MILJØET

- Aktiv skogpolitikk for å binda CO2
- Auka bruk av biogass produsert i fylket
- Arbeide mot havforsøpling og plastforurensing
- Miljøvenlege og energieffektive bygg basert på lokale råvarer
- Redusera CO2-utslepp frå transport

GOD FOLKEHELSE

- Lik tilgang til grunnleggande helsetenester i heile Rogaland
- Førebyggande helsetenester gjev god folkehelse
- Alle skal ha lik moglegheit til å delta aktivt i kultur, idrett og friluftsliv
- Fysisk aktivitet og næringsrik mat i skulen
- Tannhelse vert ein del av Folketrygda

VÅR POLITIKK

for heile Strand

Kjære velgar!

Senterpartiet har hjarte for heile kommunen. Gode nærmiljø der du bur er viktig. Vår kommune skal vere ein inkluderande kommune for alle - med gode oppvekstmiljø, spennande arbeidsplassar og trivsel. Strand-samfunnet skal vere prega av optimisme og framtidstru. Senterpartiet vil fortsette arbeidet for levande bygder i heile Strand, og at Ryfast ikkje skal bidra til å flytta viktige tenestetilbod for innbyggerane våre ut av kommunen. På den måten vil Senterpartiet vere ei tydelig motkraft til sentraliseringa som vi ser på område etter område i samfunnet både nasjonalt og lokalt. Politikken til Senterpartiet i Strand skal gjenspeгла dette. Førebygging som tidleg innsats, arbeidet mot barnefattigdom, tilgjengelighet for alle (universell utforming) og frivillighet skal ha høg prioritet. Senterpartiet vil styrke landbruks- og skogforvaltninga i Strand, og legge til rette for klima- og miljøtiltak som bidrar til auka fokus på berekraftig utvikling både i kommunal og privat sektor.

Ryfast gir oss ein ny kvardag frå 2019. Det byr først og fremst på store muligheiter. Senterpartiet vil legge til rette for at Strand skal vere ein attraktiv kommune å flytte til, vekse opp, bu og drive næring i. Auka satsing på skule og sentrumsutvikling på Tau og Jørpeland blir viktige saker. Folk skal ha eit reelt val for kor dei vil busette seg. Ein slik valfridom krev politisk styring. Det vil gi mindre press på sentrale strom, og vere positivt for heile kommunen.

Strand er ein god kommune å bu i, men vi har framleis mykje ugjort. Alle innbyggjarar skal føle at dei blir høyrte og verdsatt. Strand skal vere tufta på positivitet og entusiasme både i administrasjonen og politisk. "Ja, klart me kan" skal vere den grunnleggande haldninga!

Strand Senterparti er din garanti!

Fullstendig program finn du på senterpartiet.no/strand



10 gode grunнар til å stemme på Senterpartiet:

1. Ja til nytt kulturhus på Jørpeland.
2. Ja til ny svømmehall på Tau innan 2023.
3. Ja til at viktige tenestetilbod som f.eks. legevakt og lensmannskontor ikkje blir flytta heilt/delvis ut av kommunen.
4. Ja til å legge til rette for attraktive bustadområder i heile den flotte kommunen vår.
5. Ja til å fortsette nødvendig skuleutbygging på Tau, Jørpeland (med fleirbrukshall) og Nordre Strand.
6. Ja til innføring av skulelunsj på alle skular og fokus på rekruttering av kvalifiserte lærarar.
7. Ja til større satsing på frivillighet, fleire plassar i kulturskulen til lågare brukarbetaling, og fleire møteplasser spesielt for uorganisert ungdom.
8. Ja til å tilrettelegge for knoppskyting rundt dei etablerte bedriftene, hjelpe gründere med nye idear, og ta ein gjennomgang av rammevilkåra for næringslivet i Strand.
9. Ja til eit godt kollektivtilbod gjennom Ryfast, gang- og sykkelsti Solbakk-Grønevoll og Torgerkrossen-Nordmarka, samt å arbeide for ny R13 trase Solbakk-Vatne,
10. Ja til auka satsing på heimebaserte tenester, sjukeheims plass til alle med behov, betre vilkår for fastlegane, bygging av nye PUH bustader og auka fokus på førebygging både innan rus-, psykiatri og folkehelse.

